

Statsforvaltaren i Rogaland
Solbjørg Engen Torvik

Dykkar ref.
2025/11686

Vår ref.
18/321-55/KES


Dato
16.09.2025

Rogaland - verneprosess for fem skogområde - tilrådte namneformer

Me syner til eit brev som Solbjørg Engen Torvik hjå Statsforvaltaren i Rogaland skreiv til Språkrådet og til andre høyringspartar 2. september i år.

Eit nytt skogvernområde i Sauda kommune

Det området det dreier seg om her, ligg på garden Vetrhus, gnr. 51 i Sauda kommune. På Vetrhus er det òg ein del andre skogområde, og det kan gjerne bli aktuelt å verna fleire av desse seinare. Difor tilrår me at ein ikkje legg gardsnamnet til grunn for det området det er tale om å verna nå. Øvst i den sentrale delen av området ligg det eit fjellparti med namnet *Ospetindane*. (Me syner til korleis dette namnet er plassert på nettsida Lokale stadnamn. Sjå det redigerte kartutsnittet som er limt inn oppe på neste side.) Me tilrår at verneområdet får namnet **Ospetindane naturreservat**. (I Sentralt stadnamnregister, SSR, er primærnamnet registrert med skrivemåten *Ospetindane* som eineform.) Så langt me kan sjå, finst det i Noreg ikkje noko verneområde frå før med namnet *Ospetindane naturreservat*.



Eit nytt skogvernområde i Ulladalen i Suldal kommune

Det aktuelle verneområdet ligg i indre (austre) delen av Ulladalen. (Jmfør med det kartutsnittet som er limt inn nedom her.) Me tilrår at området får namnet **Indre Ulladalen naturreservat**.



To nye skogvernområde i Gjesdal kommune

Det vestlegaste av dei to aktuelle verneområda i Gjesdal ligg mellom Dirdalsstranda og eit vatn som heiter *Yleskogvatnet*. Opp gjennom området går det ein stig som endar attmed vatnet, og ein sentral del av denne stigen ber namnet *Kleivane*. Me føreslår at verneområdet får namnet **Kleivane naturreservat**. (Namneformene *Dirdal vest* og *Dirdal aust* som er nemnde i brevet frå statsforvaltaren, er ikkje i pakt med dei lokale namnetradisjonane. Slike namneformer bør difor ikkje leggjast til grunn for områdenamn.) Så langt me kan sjå, finst



det i Noreg ikkje noko verneområde frå før med namnet *Kleivan(e) naturreservat*. (I SSR er primærnamnet i Gjesdal kommune registrert med skrivemåten *Kleivane* som eineform.)

Det andre aktuelle verneområdet i Gjesdal ligg i nedre delen av dalen Dirdal. Det verkar difor tilrådeleg å la området få namnet **Nedre Dirdal naturreservat**. (Blant dei lokale namna frå området som er lagde ut på nettsida Lokale stadnamn, ser det ikkje ut til vera noko namn som det eignar seg å ta utgangspunkt i i namngjevinga av området. Jamfør med dei kartkopiane som følgjer dette brevet.)

Eit utvida område i Sokndal kommune

Det er planar om å la eit område i Sokndal kommune som ber namnet *Rekedal naturreservat*, bli utvida noko i sør. Me skjønar det slik at heile det utvida området vil bli liggjande på garden Rekedal, gnr. 71 og 72 i Sokndal kommune. (Jamfør med dei medsende karta.) Det må difor vera tilrådeleg å framleis nytta **Rekedal naturreservat** som namn på området. (Skrivemåten *Rekedal* vart vedteken 22. mars 2001.)

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Statsforvaltaren i Rogaland

Kopi til:

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
------------	-------------------------	------	----------

Fra: Kjell Erik Steinbru[kjell.steinbru@sprakradet.no]
Sendt: 02.01.2026 11:38:14
Til: Torvik, Solbjørg Engen[solbjorg.torvik@statsforvalteren.no]
Tittel: Namn på verneområde i Gjesdal kommune

God føremiddag og godt nytt år!

Viss det vart oppretta verneområde sentralt i bygdene Mo i Rana og Hauge i Dalane, ville det verka naturleg å ta *Mo i Rana naturreservat* og *Hauge i Dalane naturreservat* i bruk som områdenamn på dei to stadene. *Mo i Rana* og *Hauge i Dalane* er offisielle stadnamnformer som inneheld eit etterstilt preposisjonsuttrykk. Desse to namneformene må reknast som godt innarbeidde former. Det same kan ein ikkje seia om former som *Kleivane i Dirdal* og *Padlane (/ Pallane) i Dirdal*. Det bør likevel vera mogleg å nytta slike namneformer i visse tilfelle der dette kan verka nødvendig for å unngå samanblanding mellom likelydande primærnamn.

Den føreslegne namneforma

Ramnstoliå har utgangpunkt i dei SSR-registrerte namna *Øvra ..* og *Nedra Ramstona*. Det aktuelle føreleddet må skrivast *Rams-* i tråd med skrivemåten som er nytta i den offisielle primærnamnforma. Det austlege naturreservatet som det er tale om i denne saka, dekkjer eit langstrekt (breitt) liområde. I namnetradisjonen på Sørvestlandet er det vanleg å nytta fleirtalsforma «liane» i omtale av breie liteigar. Det reservatnamnet det dreier seg om her, bør difor eventuelt skrivast *Ramstoliane naturreservat*. (I alternativet med eintalsform bør ein eventuelt skriva *-lia* (ikkje *-liå*.) Her kan ein jamføra med offisielle vegnamnformer som *Nibbalia*, *Ånundlia* og *Bruralia* og med vedtekne linamnformer som *Skredlia* og *Sollia*. Alle dei nemnde døma er knytte til stader i Gjesdal kommune.)

Viss det er så at det i Noreg ikkje finst noko verneområde som tidlegare er gjeve namnet *Kleivane naturreservat* (eller eventuelt *Kleivan naturreservat*) bør dette vera godt tenleg som namn på det aktuelle vestlege området i Dirdal. (Sjå det Språkrådet skreiv om dette i brevet som vart sendt til Statsforvaltaren i Rogaland i september i fjor.)

Helsing frå

Kjell Erik Steinbru
rådgjevar i stadnamntenesta | avdelinga for språkrøkt og språkrådgjeving
457 37 657

Språkrådet 

www.spraakradet.no

-
-

Frå: Torvik, Solbjørg Engen <solbjorg.torvik@statsforvalteren.no>

Sendt: fredag 19. desember 2025, kl. 13:39

Til: Kjell Erik Steinbru <kjell.steinbru@sprakradet.no>

Emne: Spørsmål om namn på verneområde

Hei,

Kan eg stilla nokre spørsmål som gjeld namn på foreslåtte verneområde?
Eg har sendt oppstartsmelding og dykk har svart på den.

Det gjeld to område i Dirdal i Gjesdal kommune.

Eg har fått innspel frå kommunen kor dei foreslår **Kleivane i Dirdal** på det eine området og **Padlane i Dirdal** på det andre. Er slike namn i tråd med sånn dykk vil ha det?

Sjølv tenker eg det høyrast litt tungt ut og kjenner ikkje til andre tilsvarande namn. Både Kleivane og Padlane er svært vanlege namn rundt om i Noreg. For Dirdal vest vurderer eg likevel Kleivane som eit mogleg namn, men då kan gjerne Padlane vere ok også?

For Dirdal aust har dykk foreslått Nedre Dirdal naturreservat. Er det likevel greitt om eg argumenterer for eit anna namn i høyringa? Som svar på dykkar innspel.

Statsforvaltarens kommentar: Nedre Dirdal naturreservat vurderast å vere eit namn som ikkje heilt speglar kor reservatet ligg då Dirdalen er lang og det kan ligge på begge sider av dalen. Statsforvaltaren meiner at å knyte namnet til eit godt kjend fjellområde ovanfor, slik det også vart gjort med området i Sauda, vil vere å føretrekkje. Ved leggja til -liå, som er den lokale tale- og skrivemåten i regionen, viser det til lia nedanfor fjellet.

Varberknuden kjem fram på kart når ein zoomar inn, men Ramnstoknuten står tydeleg på kartet også ved større målestokk. Sistnemnde er også er eit namn som er godt kjent som eit turmål langt utanfor Dirdal. Stien opp hit går gjennom foreslått verneområde.

Statsforvaltaren har vurdert dette og andre namneinnspel og foreslår Ramnstoliå naturreservat.

Med venleg helsing

Solbjørg Engen Torvik

seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Rogaland

Telefon: 51 56 88 03

E-post: solbjorg.torvik@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/ro

Statsforvaltaren I Rogaland
Postboks 59 Sentrum
4001 Stavanger

Vår dato: 08.10.2025
Vår referanse: 25/46084 - 2
Deres dato: 03.09.2025
Deres referanse: 2025/11686

Innspel til melding om oppstart av verneprosess for fem skogområde i Rogaland

Landbruksdirektoratet viser til brev frå Statsforvaltaren i Rogaland, dagsett 02.09.2025, med melding om oppstart av verneprosess for fem skogområde i Rogaland: Vetrhus i Sauda kommune, Ulladalen i Suldal kommune, Dirdalen aust i Gjesdal kommune, Dirdalen vest i Gjesdal kommune og Rekedal naturreservat (utviding) i Sokndal kommune.

Som instans for høyring av forslag til oppretting av nye naturreservat, ynskjer Landbruksdirektoratet å gje nokre generelle innspel til verneprosessen.

Grundig beskriving av området

Av høyringsdokumenta må det kome tydeleg fram om, og i tilfelle korleis, det aktuelle området blir nytta til landbruksføremål. Dersom det finst landbruksinteresser i området som ikkje blir tekne omsyn til i utkast til forskrift, ber vi om at dette blir grunnigitt i høyringsdokumenta. Typiske landbruksinteresser kan vere:

- o Skogsveg som er naudsynt for skogbruk på tilgrensande/ bakanforliggjande areal
- o Landbruksveg i samband med jordbruk
- o Støl/seterområde
- o Beite
- o Beiterettar

Lista er ikkje uttømmende.

Utforming av verneforskrift

Dersom det går vegar eller andre ferdslårer gjennom verneområdet, må Statsforvaltaren vurdere om det kan fastsetjast føresegnar om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør leggjast til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støls- og seterområde og opnast for andre tekniske tiltak som bidrar til ei landbruksmessig utnytting av området. Dersom slike tiltak ikkje er ønskelege innanfor verneområdet, må Statsforvaltaren gje ei fagleg grunngeving for dette i høyringsdokumenta.

Beitebruk vil vere aktuelt i mange område som blir føreslått verna som naturreservat. Det bør difor vurderast om forskrifta kan opne for beite i området. Viss ikkje, må dette grunnjevast i høyringsdokumenta. Dersom det opnast for beiting i området, bør det også

utarbeidast føresegner om utsetjing av saltsteinar og oppføring/vedlikehald av gjerde og sanketrøer. For alle tiltaka over må ein vurdere om ein kan gje føresegner om motorferdsle i samanheng med tiltaka. Det bør vere generelle unntak frå føresegner om forbod mot motorisert ferdsle for uttransportering av sjuke og skadde bufe og av felt vilt frå verneområdet.

Vi føreset at Statsforvaltaren sin landbruksfaglege kompetanse blir involvert i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også vere nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltinga i arbeidet.

Avveging mellom betydning for skogbruk og skogvern i dei fem områda

Landbruksdirektoratet kan ikkje sjå at det er lagt ved skjema for avveging av betydninga dei føreslåtte verneområda har for skogvern og for skogbruk/ tømmertilgang, i oppstartmelding med vedlegg. Vi skulle gjerne ha sett Statsforvaltaren sine vurderingar i "Skjema for avveiging av områders betydning for vern og betydning for tømmertilgangen", skogfaglege rapportar for dei fem områda og endelege plasseringar av dei føreslåtte verneområda i avvegingsmatrisa (jf. Miljødirektoratet sin rapport M-2007, kap.3.1), enten i oppstartmeldinga eller i forkant av ho.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Heidi Yvonne Paulsen
rådgiver

Mottakere:
Statsforvaltaren I Rogaland

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Dato: 19.09.2025
Saksnr.: 2025/69662
Dok.nr.: 2
Sakshandsamar:
Kristian Valen

Verneprosess for 5 skogområde i Rogaland - uttale til oppstart

Viser til høring av oppstart av verneprosess i 6 skogområde i Rogaland.

Rogaland fylkeskommune støtter verneprosessen for disse skogsområda gjennom frivillig vern av skog. Tap av naturområde er ein stor utfordring for naturen i Rogaland, og vern av skog bidrar til å bevare eit livskraftig naturmiljø i Rogaland.

Kulturmiljø

Fylkesdirektøren kjenner ikkje til registrerte kulturminne i de føreslåtte verneområda, per i dag, og vurderer at vern gjennom naturmangfaldlova eit gode for eventuelt ukjente kulturminne i området.

I verneprosessen bør det vurderast om det er kulturminne eller kulturverdiar som bør vernast særleg i de enkelte verneområda. Dette er kulturminne frå tidlegare bruk av områda, frå stølsdrift, skogsdrift og anna utmarksbruk, til dømes eldre mura stiar og vegfar, steingjerde, tufter eller andre spor frå eldre bruk.

Helsing
Lars Riese
seksjonssjef

Kristian Valen
rådgjevar

Kopi til:

Vedlegg:



STATSFORVALTAREN I ROGALAND
Postboks 59 Sentrum
4001 STAVANGER

Deres ref.

Vår ref.
25/01697-2

Saksbehandler
Gudrun Kristensen

Dato
15.10.2025

Tilbakemelding - Oppstart av verneprosess for fem skogområder i Rogaland 2025

Viser til deres brev datert 03.09.2025, deres referanse 2025/11686.

Dere ber om tilbakemelding innen 10.10.2025. På grunn av kort frist blir dette et administrativt svar.

Statsforvalteren i Rogaland kunngjør, med hjemmel i naturmangfoldloven § 42, oppstart av verneprosess for fem skogområder i Rogaland. Alle områdene er tilbudt via ordningen frivillig vern av skog. To av områdene er i Gjesdal kommune:

- Dirdal øst i Gjesdal kommune, ca. 590 daa, med 7 hjemmelshavere
- Dirdal vest i Gjesdal kommune, ca. 633 daa, med 3 hjemmelshavere.

Statsforvalteren ønsker innspill og forslag til navn på verneområdene, synspunkt på og kunnskap om naturverdier, brukerinteresser og annet.

Vi har for tiden [utkast til kommunedelplan for naturmangfold på høring](#). I denne planen er det foreslått følgende tiltak i handlingsdelen side 3: «*Det skal utredes aktuelle områder for vern: 1) Frivillig skogvern. (eksempelvis regnskog og rik edellauvskog i Dirdal og Frafjorddalen, inkludert bekkekløfter og bergvegger).*»

Denne oppstartsprosessen og tilhørende forslag til frivillig vern er vi positive til.

Innspill på navn

Dirdal øst

Her tenker vi det er naturlig å bruke navn i kartet, Padlane. En bør legge til gardsnavnet Dirdal. Verneområdenavnet kan da være naturlig at blir Padlane i Dirdal.

Dirdal vest

I dette området tenker vi også at det er naturlig å ta utgangspunkt i stedsnavnet Kleivane, men legge til gårdsnavnet Dirdal; Kleivane i Dirdal.

Naturmangfold

Vi har ikke mer kunnskap tilgjengelig enn hva som alt er kartlagt i Temakart Rogaland, Sensitive artsdata, og artskart.



Figur 2 Utklipp fra Stølsforening sitt kart.

Næring, småkraftverk landbruk

Dirdal kraft AS fikk konsesjon til å drive vannkraftverk basert fall fra Stølsvatnet den 29.10.2022. Kraftstasjonen ligger er nede ved Hunnedalsvegen 2124. Vernet skal ikke ha påvirkning på driften av kraftverket.

I området Dirdal øst har IVAR to grunnvannsbrønner som forsyner Dirdal med drikkevann. Området er i kommuneplanen vist med hensynssone H5, og er en sikringssone for grunnvannsbrønnene.


Området rundt grunnvannsbrønnene (gnr. 78, bnr. 2, fnr. 3) er innegjerdet for å unngå beiting. Området fra Dirdalselva og opp mot fjellsidene brukes til utmarksbeite for sau og storfe. Vi går ut fra at denne beitebruken kan fortsette ved et eventuelt vern.

Postadresse
 Rettedalen 1, 4330 ÅLGÅRD
E-post
 post@gjesdal.kommune.no

Besøksadresse
 Rettedalen 4
 www.gjesdal.kommune.no

Telefon
 51 61 42 00

Org.nr
 964 978 573



Figur 3 Utklipp fra kommuneplanens arealdel. Blå strek viser hensynssone for sikring av grunnvannsbrønner.

Med hilsen
GJESDAL KOMMUNE
Gudrun Kristensen
Fagansvarlig landbruk, natur og miljø

Gerd Karin Espedal
avdelingsleder arealbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

STATSFORVALTEREN I ROGALAND
Postboks 59 Sentrum
4001 STAVANGER

Vår dato: 21.10.2025

Vår ref.: 202517884-3 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.: 2025/11686

NVE's svar på varsel om oppstart av verneprosess for 5 skogområde i Rogaland 2025 - Vetrhus, Ulladalen, Dirdal aust og vest, Rekedal naturreservat

Vi viser til melding om oppstart av verneprosessene for [Vetrhus](#), [Ulladalen](#), [Dirdal øst](#), [Dirdal vest](#), [Rekedal \(utv.\)](#) (lenker til kartutsnittene i NVE Atlas).

NVE har sett gjennom verneforslagene for de foreslåtte verneområdene med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.

Vetrhus

Så langt NVE kjenner til er det ingen energi- og vassdragsinteresser innenfor Vetrhus. Vi ber omradekonsesjonæren Fagne AS om å uttale seg om verneforslaget kommer i konflikt med noen eksisterende eller planlagte anlegg i dette området.

Ulladalen

Det er en høyspent linje vest for det foreslåtte området. Vernegrensen er trukket fra linja for å unngå konflikten. Vi forutsetter at omradekonsesjonæren Fagne AS vil uttale seg om verneforslaget kommer i konflikt med noen eksisterende eller planlagte anlegg i dette området.

Verneområdet grenser med Ulla som er fraført vann i forbindelse med Ulla-Føre reguleringen. Det er per i dag ikke noen pålagte slipp av minstevannføringen i dag. I 2019 har NVE åpnet revisjon av konsesjonsvilkår. Slipp av minstevannføring i Ulla er et av kravene som vurderes i forbindelse med vilkårsrevisjonen. Vi forutsetter at Statkraft vil vurdere behov knyttet til reguleringen. Vi ber statsforvalteren i dialog med Statkraft å

Når verneområdet grenser tett med regulerte elvestrekning kan det oppstå konflikt mellom vernebestemmelsene og konsesjonæren sine plikter i henhold til vassdragslovgivningen. Eksempler på aktuelle tiltak i regulerte vassdrag kan være rydding av vegetasjon og løsmasser for å holde flomløpene åpne, gjennomføring av (miljø)tiltak i tråd vilkår i reguleringskonsesjonen, hydrologiske målinger m.m. Behov for tiltak og



ferdsel i område kan oppstå som konsekvens av nye pålegg fra myndighetene med hjemmel i gjeldende konsesjonen.

Det er viktig at vern ikke hindrer konsesjonæren å oppfylle plikter knyttet til vassdragsreguleringen.

NVE ber statsforvalteren i dialog med Statkraft om å vurdere behovet for tiltak og motorferdsel i dette området. Videre ber vi om å vurdere om det er aktuelt å spesifisere i dispensasjonsbestemmelsene i §7 verneforskriften at regulanten kan søke om tiltak i eller inntil verneområdet knyttet til drift, vedlikehold og andre tiltak på vassdrags- og energianlegg, i den utstrekning det er nødvendig for å utøve rettigheter eller oppfylle plikter gitt i eller i medhold av energi- og vassdragslovgivningen. Vi ber også om å vurdere om det bør gis unntak i forskriftens §§ 4 og 6 for akutte tiltak, inkludert motorisert ferdsel, som er nødvendig for å unngå skade på mennesker, infrastruktur, miljø eller eiendom. Konsesjonæren kan eventuelt sende en orientering til vernemyndighetene i etterkant. Ved slike hendelser vil tidsaspektet være av stor betydning, og det vil som oftest ikke være tid til å søke om dispensasjon fra vernebestemmelsene før tiltaket iverksettes.

Bestemmelsene kan for eksempel formuleres som vist under:

§4 Generelt unntak for

- Tiltak som er nødvendig for istandsetting ved akutt behov på eksisterende vassdragsanlegg og regulert elvestrekning i eller inntil verneområdet.

§6 Generelt unntak for motorferdsel

- Ferdsebestemmelsene i § 5 annet ledd er ikke til hinder for motorferdsel knyttet til tiltak som er nødvendig for istandsetting ved akutt behov på eksisterende vassdragsanlegg og regulert elvestrekning i eller inntil verneområdet. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendes melding til forvaltningsmyndigheten.

§7 Spesifisert dispensasjon for

- Drift, vedlikehold og andre tiltak på vassdrags- og energianlegg, i den utstrekning det er nødvendig for å utøve rettigheter eller oppfylle plikter gitt i eller i medhold av energi- og vassdragslovgivningen.
- Motorisert transport knyttet til punkt over.

I det foreslåtte området Ulladalen er det digitalt kartlagt flere potensielle vannkraftprosjekter. Et prosjekt som krysser verneområdet ved Nyastølheia har en forventet produksjon på 1,74 GWh/år og en utbyggingskostnad på 6,99 kr/kWh i 2024-kostnadsnivå. Potensielle prosjekter i Ulla har en forventet produksjon på ca. 2,9 GWh/år til en utbyggingskostnad på 10-11 kr/kWh. Vannkraftpotensialet er nevnt i oppstarts meldingen så vi forutsetter at grunneierne er informerte om potensialet.

[Dirdal øst](#)

Det er digitalt kartlagt vannkraftpotensial med en forventet produksjon på 0,89 GWh/år og utbyggingspris på 7,2 kr/kWh kostnadsnivået er for 2024. Som det er nevnt i oppstartsdokumentet er grunneierne informert om vannkraftpotensialet og valgte å verne dette området.



Vi kan ikke se at det er noen kraftlinjer i dette området og ber omradekonsesjonæren Lnett AS om å uttale seg om verneforslaget kommer i konflikt med noen eksisterende eller planlagte anlegg.

Dette området er kartlagt som aktsomhetsområdet for flom. Det er gjennomført flom- og sikringstiltak i Dirdalsåna som grenser til verneområdet. Tiltakene må kunne vedlikeholdes og oppgraderes ved behov. Det kan være aktuelt med både anleggsarbeid og motorferdsel knyttet til disse aktivitetene. I tillegg kan det oppstå behov for ytterlige sikringstiltak i dette området knyttet til flom-, erosjon- og skredsikring. Det er planlagt flomsonekartlegging for dette området. Dette området er også [kartlagt i 2014 \(lenke til rapporten\)](#) som et område med faresone for skred i bratt terreng. Det kan bli nødvendig med sikringstiltak mot skred.

Vi ber om at det gis spesifisert dispensasjon i verneforskriften §7 for anleggsarbeid og motorferdsel knyttet til etablering, vedlikehold og ombygging av flom-, erosjon- og skredsikring. Vi ber også om at det skal gis unntak i §4 og 6 for sikringstiltak ved akutte behov og fare for liv og helse.

[Dirdal vest](#)

Under dette området går kraftverktunell til Dirdal kraftverk. Statsforvalteren har vurdert at skogvern ikke påvirker drift av kraftverket. NVE kan ikke se at Dirdal kraft AS står på adresseliste til oppstartsmeldingen. Vi ber statsforvalteren om å etablere dialog med Dirdal kraft AS slik at kraftselskapet kan utale seg om behov knyttet til drift, vedlikehold og fornying av kraftverk.

Lnett AS har to kraftlinjer på 52 kV, som går langs nedre kanten av det foreslåtte verneområdet. Siden vernegrensen ligger nært kraftlinjen ber vi om å ta inn standardbestemmelser for energi- og kraftanlegg i verneforskriften.

Det er kartlagt store områder med faresone for skred i bratt terreng ([lenke til rapporten fra 2104](#)). Verneområdet ligger over bebyggelsen og infrastruktur og det kan derfor bli nødvendig med sikringstiltak mot skred. Det er også planlagt flomsonekartlegging i dette området. Vi ber om å ta høyde i verneforslaget for et eventuelt fremtidig arbeid knyttet for skred- og flomsikring inkludert anleggsarbeid, anleggstrafikk og anleggsveier for vedlikehold dersom tiltakene ikke kan utføres utenfor verneområdet.

Vi ber om at det gis spesifisert dispensasjon i verneforskriften §7 for anleggsarbeid og motorferdsel knyttet til etablering, vedlikehold og ombygging av flom- og skredsikring. Vi ber også om at det skal gis unntak i §4 og 6 for sikringstiltak ved akutte behov og fare for liv og helse.

[Rekedal \(utv.\)](#)

Så langt NVE kjenner til er det ingen energi- og vassdragsinteresser innenfor Rekedal naturreservatet. Vi ber omradekonsesjonæren Enida AS om å uttale seg om verneforslaget kommer i konflikt med noen eksisterende eller planlagte anlegg i dette området.

Med hilsen



Sindre Johannes Dragvik
Avdelingsingeniør

Godkjent av Maria Sidelnikova
Seniorrådgiver

Godkjent i henhold til NVE sine interne rutiner.

Mottakerliste:

STATSFORVALTEREN I ROGALAND

Kopimottakerliste:

Energidepartementet
LNETT AS
STATKRAFT ENERGI AS
FAGNE AS
ENIDA AS
DIRDAL KRAFT AS

Fra: Terje Gilja[terjgil@gmail.com]

Sendt: 13.11.2025 11:46:47

Til: Postmottak SFRO[sfropost@statsforvalteren.no]

Tittel: Innspill fra Dirdal Kraft til verneforslag /skogvern, sak.nr. 2025/11686 / Dirdal vest:

Hei

Dirdal Kraft driver et småkraftvek i område som foreslås vernet, men som det fremgår i mottatt brev fra Statsforvalter (til grunneier) skal ikke vernet påvirke driften av kraftverket:

"Det er eit småkraftverk i drift nede ved fjorden som tar ut vatnet frå Yleskogvatnet/Stølsvatnet.

Konsesjon vart gitt i 2002, og vatnet vert ført i røyr under terrenget. Kraftverket har inga påverknad på eit eventuelt vern, og motsett, vernet har inga påverknad på kraftverket."

Vi vil allikevel forsikre oss om at det foreslåtte vern ikke er til hinder for fremtidig vedlikehold av kraftverket og/eller en eventuell utvidelse av driften, f.eks ytterligere regulering av Yleskogsvatnet.

Vernet må heller ikke være til hinder for ev. endring i utslipp av minstevannføring til Stølsbekken, samt at det må også være tillatt for oss å lande med helikopter i området ved inntaket til kraftverket.

Mvh

Dirdal Kraft AS

Terje Gilja

tlf 406 00 410

Fra: Erlend Vestersjø Tysse | Lnett[erlend.tysse@l-nett.no]
Sendt: 14.11.2025 11:13:44
Til: Postmottak
SFRO;post@statsforvalteren.no[sfropost@statsforvalteren.no;post@statsforvalteren.no]
Kopi: Tore Mauland Westlye | Lnett[Tore.Westlye@l-nett.no];Børre Dybesland | Lnett[Borre.Dybesland@l-nett.no];
Tittel: RE: Sender e-post: Ber om innspel - Frivillig vern av skog - oppstart verneprosess - 6 skogområder i Rogaland 2025

Hei,

Viser til meldingen "Ber om innspel - Frivillig vern av skog - oppstart verneprosess - 6 skogområder i Rogaland 2025"

Skogsområde Dirdal vest:

Langs den foreslåtte vernegrensen i nord (langs Hunnedalsvegen) går det en kraftlinje. Det er noe vanskelig å fastslå nøyaktig avstand mellom inntegnet vernegrense og kraftlinjen, men det ser ut til at kanten av rydebeltet for kraftlinjen har vært definerende for hvor vernegrensen er tegnet inn.

Jeg vil gjøre oppmerksom på at Lnett har et båndlagt rydebeltet langs kraftlinjen, men vi har også krav og plikt til å fjerne risikotrær utenfor rydebeltet. Risikotrær er trær som står i fare for å falle på linjen, for eksempel ved storm eller råte, og kan utgjøre en risiko for strømforsyningen. Dette er viktig for å sikre forsyningssikkerheten og oppfylle krav fra myndighetene og bransjestandarder.

Vi ber om at det tas hensyn til dette i den videre prosessen, og at Lnett gis en rettighet i verneforskriften for vedlikehold og fjerning av risikotrær også utenfor rydebeltet, slik at Lnett kan ivareta sitt ansvar for sikker drift av kraftlinjen.

Vennlig hilsen

Erlend V. Tysse

Vedlikeholdsingeniør bygg og struktur
erlend.tysse@l-nett.no
(47) 934 88 913

<https://eur03.safelinks.protection.outlook.com/?url=http%3A%2F%2Fwww.l-nett.no%2F&data=05%7C02%7Csfropost%40statsforvalteren.no%7C3acc5c786e69444c5dc108de23667a00%7C8a6fa58e51534bfa9a8b573d985a4186%7C0%7C0%7C638987120242755863%7CUnknown%7CTWFpbGZsb3d8eyJFbXB0eU1hcGkiOnRydWUsIlYiOiIwLjAuMDAwMCIsIlAiOiJXaW4zMtIsIkFOIjoiTWVpbCIIsIldUIjoyfQ%3D%3D%7C0%7C%7C&sdata=gI%2BENou6OxfkWZDS1EnHD83JYUiOU%2FIP1Eqb4Gh54Jk%3D&reserved=0>
(47) 51 90 80 79

Lnett sin besøksadresse
Jærveien 35, 4319 Sandnes

The content of this e-mail is intended solely for the use of the individual or entity to whom it is addressed. It may contain information that is confidential or legally privileged. If you have received this communication in error, please notify the author by replying to this e-mail immediately, deleting this message and destroying all received documents

-----Original Message-----

From: Marianne Mediaa Fløysvik | Lnett <MarianneMediaa.Floysvik@l-nett.no>
Sent: Friday, October 31, 2025 1:03 PM
To: Erlend Vestersjø Tysse | Lnett <erlend.tysse@l-nett.no>
Cc: Tore Mauland Westlye | Lnett <Tore.Westlye@l-nett.no>; Børre Dybesland | Lnett <Borre.Dybesland@l-nett.no>
Subject: Sender e-post: Ber om innspel - Frivillig vern av skog - oppstart verneprosess - 6 skogområder i Rogaland 2025

Hei,

Vedlagt dokument er mottatt i Altinn.

Vennlig hilsen

Marianne Mediaa Fløysvik

Dokumentasjon og fellestjenester
mariannemediiaa.floysvik@l-nett.no
(47) 934 88 719

<https://eur03.safelinks.protection.outlook.com/?url=http%3A%2F%2Fwww.l-nett.no%2F&data=05%7C02%7Csfropost%40statsforvalteren.no%7C3acc5c786e69444c5dc108de23667a00%7C8a6fa58e51534bfa9a8b573d985a4186%7C0%7C0%7C638987120242776414%7CUnknown%7CTWFpbGZsb3d8eyJFbXB0eU1hcGkiOnRydWUsIlYiOiIwLjAuMDAwMCIsIlAiOiJXaW4zMmIsIkFOIjoiTWVpbCIsIldUIjoyfQ%3D%3D%7C0%7C%7C%7C&sdata=X7gV72aYKspjqQqDETq2aia4SjoyUUUi%2BTQLAgNqoM%3D&reserved=0>
(47) 519 08 079

Lnett sin besøksadresse
Jærveien 35, 4319 Sandnes

STATSFORVALTAREN I ROGALAND
Postboks 59 Sentrum
4001 STAVANGER

Dato: 10.09.2025
Saksref: 202514211-4
Deres ref.: 2025/11686
Side: 1 / 1

Vår saksbehandler: Ola Torstein Endresen
Telefon:
Mobil: +4799231323
E-post: ola.torstein.endresen@banenor.no

**Statsforvalteren i Rogaland - Frivillig vern av skog - Oppstart av verneprosess for
Baklåsjuvet - Bane NORs uttalelse**

Vi viser til brev, datert 5.9.2025.

Planområdet berører ikke jernbanens interesser og vi har derfor ingen merknader.

Med vennlig hilsen

Åsne Fyhri
ass. sjef Planforvaltning
Drift og vedlikehold

Ola Torstein Endresen
planforvalter

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes uten signatur

Statsforvalteren i Rogaland
Postboks 59
4001 STAVANGER

Dato: 29.09.2025
Saksref: 2025/631- 2

Deres ref.:

Oppstart av verneprosess for 5 skogsområder i Rogaland

Jernbanedirektoratet viser til mottatt brev den 03. august fra Statsforvalteren i Rogaland om oppstart av verneprosess for fem skogsområder i Rogaland.

De fem skogsområdene gjelder:

- Vetrhus i Sauda kommune
- Ulladalen i Suldal kommune
- Dirdal aust i Gjesdalkommune
- Diridal vest i Gjesdal kommune
- Rekedal naturreservat i Sokndal kommune

Områdene inngår i ordningen for frivillig vern av skog. På bakgrunn av mottatt dokumentasjon, vernekart og naturfaglige rapporter henvist til deres nettsider, ser vi at tiltaket ikke berører eksisterende eller planlagte jernbaneanlegg. Jernbanedirektoratet har ingen merknader til verneprosessen slik det foreligger. Vi ønsker fortsatt god koordinering ved eventuelle fremtidige tiltak i nærområdet som kan berøre jernbanen. Vi legger også til grunn om at Bane NOR sender inn sitt eget eventuelle høringssvar.

Med vennlig hilsen

Jan Frederik Geiner
avdelingsdirektør

Lise Ingrid Nyvold
seksjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter

Mottakere:
Statsforvalteren i Rogaland

Statsforvaltaren i Rogaland

Henrik Skau

henrik.skau@Statnett.no

Vår ref: 2025/1673-3

Deres ref: 2025/11686

Høringsuttalelse - Verneprosess for 6 skogområder - Vetthus, Ulladalen, Dirdal aust, Dirdal vest, Rekedal naturreservat og Baklåsjuvet - Rogaland fylke

Opprettelse og utvidelse av 6 verneområder i Rogaland fylke berører ikke Statnett sine anlegg eller planer. Statnett har dermed ingen innvendinger mot opprettelse og utvidelse av de aktuelle områdene.

Med vennlig hilsen

Rune Garberg

Henrik Skau

Grunn- og rettighetsserverv

Grunn- og rettighetsserverv

Kopi til:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Postboks 5091, Majorstua

0301 OSLO